

Prosjekt organisk avfall i Rogaland

Eit forsiktig overslag over kor mykje organisk avfall i Rogaland det her er tale om, viser figuren nedanfor:

Typar og mengder organisk avfall i Rogaland (Harbo og Haar 2005)	
	Tonn avfall
Husdyrgjødsel, avfall frå hestehald	4.000
Gartneri m.m.	5.510
Grøntanlegg	7.650
Grossist- og butikkavfall	1.225
Våtorganisk hushaldningsavfall	43.500
Matavfall frå storhushaldning	3,500
Foredlingsbedrifter	7.140
Sum	72.525

Det skal arbeidast med å lage gjødselprodukt og jordblandingar, basert på lokalt råstoff, for bruk i jordbruk, hagebruk og grønntanleggsektoren. Følgjande fraksjonar skal inngå:

1. Kompost frå Hogstad komposteringsanlegg (IVAR)
2. Kompost frå Thore Refve kompostering, Klepp
3. Slampellets frå Sentralrenseanlegget på Nord-Jæren (IVAR)
4. Kjøttbeinmjøl frå Norsk Protein
5. Tørka hønsegjødsel frå Norsk Naturgjødsel

Prosjektet blir drive i samarbeid mellom næringslivsaktørar innan avfallshandtering og produksjon og sal av gjødselvarer (Felleskjøpet Agder Rogaland, IVAR, Norsk Protein, Norsk Naturgjødsel, Thore Refve kompostering og Harald Stople gjenvinning), offentlege partnarar (Fylkesmannen, Innovasjon Noreg og Rogaland fylkeskommune) og forskings- og utviklingsinstitusjonar (Bioforsk, IRIS, Jæren Forsøksring og Norconserv).